

## God song, men lite folk

24.04.2009



Strupebandet frå Halsnøy var dyktige gjester. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Det var dårleg frammøte til Syng med oss i Helgheim torsdag kveld. Noko kan skuldast samanfallande tilskipingar i bygda. Gjestekoret var Strupebandet med sin dirigent Luitgard Kühne. Sigurd Kviteberg var tonefylgje,



Røysterett for alle syng her i Helgheim, men neste helg får koret ei meir anstrengande økt. (Foto: Kjell Magne Haugland)  
Strupebandet er eit blandakor frå Halsnøy med erfarne songarar. Koret fungerer godt og med eit songutval som kling godt. Særleg merka vi oss songane Gje meg handa di ven, Danse mot vår og Ei verd som vår.



Det burde ha vore fleire på den fine konsertenb. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Røysterett for alle med dirigent Maria Malmsten hadde både nye og gamle songar på programmet. Frode Kaldestad spelte mellom anna til songane av Odd Nordstoga. Nytt frå vertskoret var framføringa Barnet, ein færøysk song omsett til nynorsk av Svein Rimestad og den svenske songen Du skal inte sova.

Arne Gjerde, leiar av Strupebandet, takka for invitasjonen og sa fram ei morosam helsing til uskedelingane. Han overleverte skriftet han sjølv skreiv ved koret sitt 25 års jubileum. Alt i eitt var det ein fin songkveld i Helgheim. På neste konsert må det vera fullt hus. Den neste store oppgåva for Røysterett for alle er gjestinga frå Riga, eit velkjend kor med 50 medlemer.

Av Kristian Bringedal